



<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
Klassering	
26. 06. 2014	
Art. søknad 14/18610	Lokasjon
Søktsett	Tilleggsnotis

LINDÅS KOMMUNE  
KVERHUSMYRANE 20  
5914 ISDALSTØ

Deres ref.:

Vår ref.: Ard12002

Bergen: 24.06.14

## VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Alverfalten, gnr. 137, bnr. 325, 469 m.fl, Lindås kommune.

Same område vart varsla i 2012. Etter den tid har detaljregulering på naboareal ført til at grensene for planområdet har vorte endra. Planområdet vert difor no varsla på ny med justert plangrense.

### Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhørande føresegner og planskildding som syner bruk, vern og utforming av areal. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

### Tiltakshavar og konsulent:

Erling Moberg, Ulf Peter Lundin, Steinar Myking og Gunnar Aase er tiltakshavarar. Ard arealplan as er konsulent for reguleringsplanarbeidet.

### Planområdet:

Planområdet ligg på Alverflaten i Lindås kommune, nordaust for Alvervegen mellom Alversund og Knarvik. Planområdet er i dag uregulert og delvis utbygd med næringsverksemd. Området er avgrensa av bustadområde i sør, eksisterande næringsområde i nord og LNF område mot vest.

Planområdet er på ca. 41 daa og er vist på vedlagt kart.

### Reguleringsplanen sitt føremål:

Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for regulering og utviding av eksistarande industri og næringsområde.

### Merknader til oppstartsmeldinga:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande prosessen. Innspel eller merknader som angår løysingar eller gjeld særskilde behov kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as  
Domkirkegaten 3  
5017 Bergen  
e-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Lindås kommune. Alle mottekne dokument, merknader og liknande vert sendt Lindås kommune saman med planframlegget.

Merknadsfrist:

Frist for merknader er satt til **15.08.2014**

Vidare saksgang:

Etter meldingsfristen vil sjølve planframlegget bli utarbeidd, og deretter sendt til Lindås kommune for sakshandsaming. Etter første gongs handsaming i planutvalet, vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det vil då vere mogleg å kome med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med beste helsing

Ard arealplan as



Jan Espen Vik  
arealplanlegger

Vedlegg: varslingskart og varslingsliste